

Hei!

Eg viser til din epost motteke 23.07.14 og min epost om endeleg svar etter min ferie.

Vi har gjort ein vurdering om du er gjenbuar til eigedom 112/20 der det er gjeve løyve til tiltak , (enkelt vedtak 2014/200). Ut frå vårt skjønn og vår praksis finn vi deg ikkje som gjenbuar, ein gjenbuar eig eigedomen tvers over for, vis a vis eller motsett side av tiltakseigedom der ei smal stripe med veg, gårdsplass eller elv kjem mellom.

Naboar og gjenbuar skal varslast ved byggesaksbehandling, dette gjer dei ikkje utan vidare til partar i saka. Det følgjer av forvaltningslova at § 28 første ledd at eit enkeltvedtak slik som td.eit byggjeløyve kan påklagast av den som har vore part i saka og andre med rettsleg klageinteresse. Du kan senda inn ein eventuell klage og kommunen vil då føreta ein vurdering om du har rettsleg klageinteresse, har du det vil den bli behandla vidare. (sjå forvaltningslova § 28).

med helsing
Eva Sundal
saksbehandlar